

## **Oppstilling over avlidne sine egedelar og gjeld**

Vi har fått melding om at eit dødsbu med arvingar under verjemål skal skiftast privat. I samband med det har vi behov for å få tilsendt ei oversikt over egedelane og gjelda i buet.

### **Kva må du gjere?**

Den som administrerer buet (heretter omtalt som «du») må sette opp ei oversikt over egedelane og gjelda i buet, komme med eit forslag til fordeling av arven, og sende det til Statsforvaltaren i Vestland når buet er klart til å gjerast opp. Du må dokumentere større postar av betydning, og du må sende oss skattemelding som viser kva for egedelar og gjeld avlidne hadde på dødstidspunktet. Oversikta må godkjennast av fullmektigen i buet og verje før det vert sendt til Statsforvalteren.

Du kan gjerne fylle ut eller ta utgangspunkt i skjemaet under.

Arven bør ikkje fordelast før Statsforvaltaren har kontrollert, og gitt tilbakemelding på, oppstillinga.

### **Kva gjer vi?**

Vi vil gå gjennom oppstillinga med vedlegg, for å kontrollere at arvingen under verjemål får det han eller ho har rett på. Når oppsettet er kontrollert, vil vi gi ei skriftleg tilbakemelding til verje og fullmektigen i buet. Vi vil samtidig opplyse nærmare korleis arven til den som er under verjemål skal utdelast.

### **Korleis fyller du ut ei oppstilling?**

I oppstillinga må du opplyse om avlidne sine egedelar og gjeld.

- Bankinnskot
  - Her opplyser du om bank, kontonummer og saldo. Bankinnskotet må dokumenterast i form av kontoutskrift eller liknande.
- Krav
  - Her opplyser du om egedelar den avlidne skal få eller har rett på, som han eller ho ikkje har motteke enno. Det kan til dømes vere eit lån som ikkje er oppgjort, eller ei forsikringsutbetaling som ikkje er utbetalt enno.
  - Kravet må dokumenterast, til dømes i form av gjeldsbrev, brev frå utbetalar om kommande utbetaling eller liknande.
  - Dersom avlidne var forsikra, er det ikkje nødvendig å opplyse om kommande forsikringsutbetalingar som går direkte til dei etterlatne.
- Verdipapir og aksjar
  - Her opplyser du om aksjar, fond og andre verdipapir den avlidne hadde, både kvar aksjane eller verdipapira er og verdien på aksjane eller verdipapira. Verdien av aksjane og verdipapira må dokumenterast, til dømes i form av årsoppgåver eller brev frå bank.
  - Dersom aksjane eller verdipapira er selt før arven skal fordelast, er det ikkje nødvendig å oppgi dette i oppstilling dersom oppgjerset frå salet er innbetalt til avlidne sin bankkonto.
- Eigedom
  - Her opplyser du om avlidne sin eigedom. Ved fast eigedom, må du oppgi gards- og bruksnummer og kommune. Dersom det er ein del i eit burettslag, må du oppgi delnummer og organisasjonsnummer.

- Du må oppgi antatt marknadsverdi, og den må dokumenterast i form av E-takst, verdivurdering eller tilsvarande.
  - Dersom eigedomen er selt før arven skal fordelast, er det ikkje nødvendig å oppgi eigedomen i oppstillinga dersom oppgjernet frå salet er innbetalt den avlidne sin bankkonto. Dersom eigedomen er selt, er det heller ikkje nødvendig å legge fram takst over eigedomen. Du må likevel dokumentere salet av eigedomen, ved å legge fram oppgjersoppstilling frå eigedomsmeklar.
- Lausøyre
  - Det er ikkje nødvendig å føre opp alminneleg innbu og lausøyre.
  - Innbu og lausøyre av større verdi, må førast opp i skjemaet. Dette kan til dømes vere bil, båt eller anna utstyr. Du må oppgi antatt marknadsverdi, og oppgi korleis du har kome fram til denne verdien, til dømes ved å vise til kva tilsvarande lausøyre vert selt for på den opne marknaden. Dersom det ligg føre takst eller verdivurdering for lausøyre, må det leggast ved oppstillinga.
  - Dersom lausøyre er selt før arven skal fordelast, er det ikkje nødvendig å oppgi dette i oppstillinga dersom oppgjernet frå salet er innbetalt avlidne sin bankkonto. Du må likevel dokumentere oppgjernet frå salet, til dømes i form av betalingskvittering.
- Gjeld
  - Her må du opplyse om all gjeld den avlidne hadde, både banklån, forbrukslån og uteståande og ubetalte krav. Gjelda må i den grad det er mogeleg dokumenterast, til dømes i form av stadfesting frå bank.
- Samansett skifte
  - Dersom den avlidne var gift, må som hovudregel både lengstlevande og avlidne sine eidedalar og gjeld førast opp. Årsaka til det er at ektefellane sine eidedeler og gjeld må fordelast mellom dei, før dødsbuet til avlidne kan fordelast mellom arvingane. Du må også dokumentere lengstlevande sine eidedeler og gjeld.
  - Du kan bruke dei grå feltene i skjemaet under for å opplyse nærmare om kva som er kvar av ektefellane sine eidedeler og gjeld, til dømes slik som dette:

Eidedel	2.000.000	1.000.000	1.000.000
Gjeld	1.000.000	500.000	500.000
Netto til fordeling	3.000.000	1.500.000	1.500.000

### Treng du meir plass?

Dersom det ikkje er plass i skjemaet til å fylle inn alt, kan du gi supplerande opplysningar og forklaringar på baksida av skjemaet eller i eit eige brev.

### Korleis sender du skjemaet til oss?

Skjemaet kan sendast per post til Statsforvaltaren i Vestland, Postboks 7310, 5020 Bergen, eller digitalt som eit vedlegg til *Melding til statsforvalteren*, som du finn på [www.sivilrett.no/vergemal/skjema](http://www.sivilrett.no/vergemal/skjema)

## BUOPPSTILLING

Avliden	
Arvingar under verjemål	

### Bankinnskot


### Krav


### Verdipapir/aksjar


### Eigedom


### Lausøyre


### Sum eigedelar

--	--	--	--

### Gjeld


### Sum gjeld

--	--	--	--

### Netto til fordeling

--	--	--

**Forslag til fordeling**


**Signatur frå (mellombels) verje og fullmektig i dødsbuet**

Oppstillinga og forslaget til fordeling er kontrollert og godkjent:

Dato	Signatur

Dersom skjemaet vert sendt digitalt med *Melding til Statsforvaltaren*, treng ikkje den som sender oss skjemaet å signere manuelt i tillegg.